



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
17.09.2015
Dykkar dato
29.06.2015

Vår referanse
2015/9394 331.2
Dykkar referanse
15/1408

Kommunal- og moderniseringsdepartementet,
Postboks 8112 Dep.,
0032 Oslo

Tilskot ved skjøen for 2016

Fylkesmannen har motteke brev av 29.juni d.å. frå departementet om ordinært skjøenstilskot for 2016. Fylkesmannen har fordelt kr. 94,4 mill. av ei ramme på kr. 127,7 mill. Det vil seie at det er ei attståande ramme med kr. 33,3 mill.

Den attståande delen av skjønnsramma vil bli nytta til fornyings- og innovasjonsprosjekt og til generell fordeling i året der også uventa hendingar kan bli teke omsyn til, m.a. ekstraordinære utgifter for kommunar på grunn av busetjing av flyktningar.

Store utgifter til språkdeling

Vi tek omsyn til store utgifter til språkdeling for kommunar som har relativt lågt inntektsnivå. Det er teke omsyn til dette for kommunane Sveio, Fjell, Askøy, Os og Meland.

Arbeidsgivaravgift (DAA)

Det er tidlegare gitt kompensasjon til kommunar som vart overførte frå sone 2 til sone 1 for arbeidsgivaravgift frå og med 2004 og som ikkje er tilbakeførte til sone med lågare arbeidsgivaravgift seinare (2007).

Kompensasjon for høgare arbeidsgivaravgift inngår i den samla basisramma frå og med 2015. På denne bakgrunn vart kompensasjonen knytt til arbeidsgivaravgift trappa noko ned for 2015 for dei aktuelle kommunane i fylket. Vi legg opp til ytterlegare nedtrapping av kompensasjon for 2016. Nedtrappinga av kompensasjon blir gjort slik at fordelinga av skjønsmidlane over tid skal vere rettfærdig i høve til andre kommunar utan denne særskilte kompensasjonen.

Vi legg opp til om lag like stor nedtrapping av kompensasjon for 2016 som i 2015. Nedtrappinga i 2016 kjem i tillegg til nedtrapping i 2015. Vi legg opp til følgjande for 2016:

- a) Kvinnherad kommune har høg årleg eigedomsskatt frå kraftanlegg. På denne bakgrunn vart kompensasjonen for arbeidsgivaravgift nesten halvert frå 2014 til 2015, det vil seie redusert frå kr. 14,3 mill. til kr. 7,2 mill.

Vi legg opp til å ta kompensasjonen til Kvinnherad kommune heilt bort for 2016.

- b) For dei andre kommunane som har fått eigen kompensasjon for arbeidsgivaravgift (Etne, Bømlo, Tysnes, Jondal og Kvam) vil vi redusera kompensasjon for arbeidsgivaravgift mellom seks til sju prosent, av 2014 - kompensasjonen, frå 2015 til 2016.

Det blir på denne bakgrunn lagt opp til følgjande nedtrapping av kompensasjon, i mill. kr. :

	Kompensasjon i 2014	Nedtrapping i 2015	Nedtrapping i 2016
Etne	3,6	0,25	0,25
Bømlo	9,5	0,66	0,66
Tysnes	3,6	0,25	0,25
Kvinnherad	14,3	7,1	7,2
Jondal	1,6	0,11	0,11
Kvam	9,4	0,66	0,66
Sum	42,0	9,0	9,1

Barnevernstiltak

I departementet sitt brev er det vist til merknad i Innstilling 375 S (2014 - 2015) frå kommunal- og forvaltningskomiteen om barnevernstiltak i andre kommunar enn bustads-kommune.

Kommunane har hatt høve til å gi tilbakemelding til Fylkesmannen om spesielle tilhøve som det kan bli teke omsyn til i samband med fordelinga av skjønstilskot. Det vil også omfatte tilhøve knytt til barnevernstiltak.

I Rogaland og Hordaland er det inngått avtale om refusjonsordning mellom kommunar for undervisning for barn i fosterheim i andre kommunar. Dersom eleven er registrert i folke-registeret i den kommunen der eleven går på skule, blir det gjort trekk i refusjonsbeløpet. Det blir gjort fordi det vil vere denne kommunen som får innbyggjartilskotet frå staten for eleven. Refusjonsordninga vil med dette til ein viss grad ta omsyn til den problemstillinga som komiteen og departementet har vist til i samband med barnevernstiltak.

Bergen

tilskot 2015, kr. 15,8 mill.

Kommunen har opphoping av levekårproblem i delar av byen. Det blir arbeidd med tiltak for å betre situasjonen, m.a. særskilte tiltak for barn og unge samt styrking av det kulturelle og sosiale miljøet.

Talet på saker til barnevernstenesta er aukane. Det er auke i tenestebehovet innan barnevernet, psykiatri og ressurskrevjande omsorgstilbod. Kommunen viser til at auken er større enn det som følgjer av den demografiske utviklinga.

Byrådet vedtok å stengje øvre delen av Nygårdsparken for rehabilitering frå 25.august 2014. Det var då etablert to nye mottaks- og omsorgssentre. Erfaringane viser at det har vore stor auke i besøk på MO - senterane. Kommunen har særskilte utfordringar med omsyn til å hjelpe menneske som har rusproblem.

Kommunen gir som regionsenter tilbod også til innbyggjarar utanfor kommunen, blant anna innafor brannberedskap, kultur og nasjonale oppgåver til sikring av kulturminne.

Tilskot 2016, kr. 16,2 mill.

Etne

tilskot 2015, kr. 3,8 mill.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Det er gitt kompensasjon for høgare avgift til kommunen gjennom skjønstilskotet. Kompensasjon for høgare arbeidsgivaravgift inngår i den samla basisramma frå og med 2015. Kompensasjon for høgare arbeidsgivaravgift blir trappa ytterlegare ned i 2016, jf. innleiinga i brevet, med kr. 0,25 mill.

Distriktstilskotet for Sør - Noreg er redusert mykje frå 2014 til 2015 som følge av omlegginga av ordninga. Inntektsbortfallet blir teke omsyn til gjennom overgangsordninga INGAR, men denne kompensasjonen vil bli mindre år for år.

Kommunen har hatt noko auke i folketalet i dei seinaste åra. Det har både samanheng med fødselsoverskot og innflytting frå utlandet. Kommunen har planlagt eit høgt investeringsnivå i dei neste åra med mellom anna nytt omsorgssenter.

Kommunen har utfordringar knytte til plansida som følge av mange kulturminne, dyrka jord og verna vassdrag. Det er viktig å ha beredskap knytt opp til tunnelane på E134 langs Åkrafjorden med omsyn til kompetanse og utstyr.

Kommunen utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til alle skattbare objekt frå og med 2015.

Tilskot 2016, kr. 3,7 mill.

Sveio

tilskot 2015, kr. 3,8 mill.

Kommunen har hatt høg folkevekst i dei seinaste åra. Det har gjort det nødvendig å auka kapasiteten innafor tenester som skule, barnehage og teknisk med meir. Kommunen har fått statleg veksttilskot i 2014 (kr. 0,8 mill.) og i 2015 (kr. 1,4 mill.). I skjønstilskotet er det teke omsyn til utgifter knytte til språkdeling i skulen.

Det er om lag 2000 hytter i kommunen. Kommunen må yta heimetenester til hyttebrukarar som har behov for det, samt ha styrka brannberedskap knytt til fritidsbustadene.

Det er stor gjennomgangstrafikk både på veg og sjø. Alvorlege ulykker har gjort det nødvendig med høg beredskap. Behovet for å oppretthalde høg beredskap er også knytt til den undersjøiske tunnelen til Stord.

Tilskot 2016, kr. 3,7 mill.

Bømlo

tilskot 2015, kr. 10,4 mill.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Det er gitt kompensasjon for høgare avgift til kommunen gjennom skjønstilskotet. Kompensasjon for høgare arbeidsgivaravgift inngår i den samla basisramma frå og med 2015. Kompensasjon for

høgare arbeidsgivaravgift blir trappa ytterlegare ned i 2016, jf. innleiinga i brevet, med kr. 0,66 mill.

Kommunen er ein tidlegare vertskommune for HVPU - reforma og har mange ressurskrevjande brukarar. Det er mange personar med utviklingshemming i eigen bustad med behov for hjelp. Kommunen opplyser at den har fleire brukarar som ligg like under innslagsnivået med omsyn til det øymerka tilskotet for ressurskrevjande tenester.

Kommunen viser til at den taper på omlegginga av finansiering bufellesskap for einslege mindreårige flyktningar. Kommunen har likevel støtta opp om dei statlege måla for mottak av einslege mindreårige flyktningar og har auka aktiviteten.

tilskot 2016, kr. 10,0 mill.

Stord

tilskot 2015, kr. 1,9 mill.

Kommunen sitt attståande rekneskapsunderskot vart dekt inn i årsrekneskapen for 2014.

Kommunen er eit regionsenter og har stor innpendling av både arbeidstakarar til dei store verksendene og av studentar til høgskulen. Med mange mellombels busette i kommunen blir det eit stort press på bustadmarknaden, som blant anna fører til at sosialtenesta får vanskar med å skaffa bustad til vanskelegstilte på leigemarknaden.

Kommunen har høge utgifter til rusomsorga. Det skuldast at relativt mange personar med rusproblem oppheld seg i kommunen. Det fører til auka kostnader for kommunen til blant anna å skaffa bustad og til sosialhjelp.

Kommunen har eit stort udekt investeringsbehov. Dette omfattar både institusjonsplassar, skulebygg og gravplass. Det er etterslep på bygningsvedlikehald og behov for å utbetre kommunen si bygningsmasse.

Kommunen innførte i 2012 eigedomsskatt på verk og bruk. Eigedomsskatten er i 2013 utvida til også bustader og fritidseigedomar.

tilskot 2016, kr. 2,0 mill.

Fitjar

tilskot 2015, kr. 3,0 mill.

Kommunen har relativt mange ressurskrevjande brukarar, også brukarar som på grunn av alderen ikkje lenger er i refusjonsordninga. Kommunen viser til aukande utfordringar med dei ressurskrevjande brukarane. Det er rekna med auka kostnader i denne samanheng i 2016.

Kommunen viser til at fleire psykisk utviklingshemma, som ikkje kjem inn under tilskotsordninga for ressurskrevjande brukarar, får auka behov for tenester som følgje av alder og sjukdom.

Kommunen viser til aukande utgifter til barnevernet og til sosialhjelp, samt behov for å styrka demensomsorga med meir bemanning. Kommunen har frå og med 2009 utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen. Innkomen eigedomsskatt har auka frå om lag kr. 6,3 mill. i 2012 til kr. 11,1 mill. i 2013 og kr. 14,4 mill. i 2014. Auken i eigedomsskatt skuldast at det er gjennomført utbygging med vindmøllar.

Kommunen vil også i 2016 få småkommunetilskot. Kommunen har fått eit relativt høgt skjønstilskot i fleire år.

tilskot 2016, kr. 3,1 mill.

Tysnes

tilskot 2015, kr. 4,5 mill.

I kommunen er det registrert fleire fritidsbustader enn heilårsbustader. I delar av året, også i vanlege helger, er det stor folkevekst. Dette fører til auka behov for helsetenester, brannberedskap og utbygging av infrastruktur.

Kommunen har ein rik historie og mange fornminne. Dette gir utfordringar blant anna i samband med arealspørsmål og planlegging av kommunale investeringar.

Kommunen er langt på veg ein øykommune, noko som har gjort det vanskelegare å finna gode interkommunale løysingar blant anna legevaktsamarbeid. Kommunen står føre krevjande investeringar og det er behov for å styrka vedlikehaldet av infrastruktur, både kommunale vegar og kaiar.

Kommunen innførte i 2009 eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen. Eigedomsskatten er auka frå 2 promille til 3,8 promille frå og med 2014.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kommunen vart ført tilbake til sone 2 for avgift frå 01.juli 2014, med trekk i rammetilskotet (ikkje trekk skjønnsramma).

Det er gitt kompensasjon knytt til arbeidsgivaravgift gjennom skjønstilskotet. Kompensasjon inngår i den samla basisramma frå og med 2015. Kompensasjon i denne samanheng blir trappa ytterlegare ned i 2016, jf. innleiinga i brevet, med kr. 0,25 mill.

tilskot 2016, kr. 4,3 mill.

Kvinnherad

tilskot 2015, kr. 7,2 mill.

Kommunen har høg årleg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Vi har difor ikkje gitt ordinært skjønstilskot utover kompensasjon knytt til arbeidsgivaravgift.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kommunen vart tilbakeført til sone 2 for avgift frå 01.juli 2014. Det er gjennomført trekk i rammetilskotet i denne samanheng.

Kommunen har som nemnd fått kompensasjon for høgare arbeidsgivaravgift gjennom skjønstilskotet. Kompensasjon inngår i den samla basisramma frå og med 2015. Kompensasjon i denne samanheng til kommunen blir teke heilt bort for 2016. Det blir vist til innleiinga i brevet om kompensasjon knytt til arbeidsgivaravgift.

Jondal

tilskot 2015, kr. 2,0 mill.

Kommunen deltek i barnevernssamarbeid i Hardanger og er godt nøgd med dette samarbeidet og tenestene. Kommunen sine utgifter til barnevernet har vore aukande i dei siste åra.

Folgefonna er eit populært reisemål. For kommunen er det viktig å utbetre vegen til Folgefonna, og kommunen investerer i vegen for å ivareta tryggleiken for dei køyrande. Kommunen har hatt høge investeringsutgifter i 2014 og i år, i tillegg til vedlikehaldsutgifter på vegen.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Kommunen vart tilbakeført til sone 2 for avgift frå 01. juli 2014. Det er gjennomført trekk i rammetilskotet i denne samanheng.

Kommunen har fått kompensasjon for høgare arbeidsgivaravgift gjennom skjønstilskotet. Kompensasjon inngår i den samla basisramma frå og med 2015. Kompensasjon i denne samanheng blir trappa ytterlegare ned i 2016, jf. innleiinga i brevet, med kr. 0,11 mill.

tilskot 2016, kr. 1,9 mill.

Odda

Kommunen har hatt ei negativ utvikling i folketalet over lang tid. Hjørnesteinsverksemda Odda Smelteverk gjekk konkurs i 2003, og det har ført til fleire utfordringar for kommunen.

Kommunen har ei alderssamansetjing med mange eldre, og det er behov for fleire plassar med heildøgntilsyn innan pleie- og omsorg. I kommunen er det mange av dei same utfordringane som i større byar, blant anna knytte til rusomsorg.

I skulen har om lag 2/3 av elevane nynorsk og 1/3 av elevane bokmål. Språkdelinga gjer det nødvendig med ekstra klassar.

Kommunen har høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Vi finn difor ikkje å kunne gi ordinært skjønstilskot for 2016.

Ullensvang

tilskot 2015, kr. 2,5 mill.

Kommunen har gjennomført fleire tiltak i dei siste åra med sikte på økonomisk balanse. Det er blant anna lagt ned to av dei seks barneskulane i kommunen, med full økonomisk verknad frå 2014. Frå og med 2014 er eigedomsskatt utvida frå verk og bruk (7 promille) til alle faste eigedomar (3 promille).

Kommunen er desentralisert med relativt mange kommunale bygg og mykje kommunal veg. Det er behov for å styrka vedlikehaldet.

Det er krevjande å finna bustad til dei som vil busetje seg i kommunen. Det er ynskje om å opparbeide nye bustadfelt i fleire grender.

Kommunen har enno utfordringar med radonstråling, som må følgjast opp. Kommunen er delt av ein fjord og må ha heimehjelp og legevakt på begge sider av fjorden. Dei to sjukeheimane i kommunen vart bygde på 1980 - talet. Det er no behov for ombygging og opprusting.

Kommunen har ei svak inntektsutvikling. Det har blant anna samanheng med lågare kraftprisar. Det har også samanheng med befolkningsutviklinga med færre unge og eldre, som har høg vekt i utgiftsutjamninga i inntektssystemet.

tilskot 2016, kr. 2,6 mill.

Eidfjord

Kommunen har høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg og høg naturressursskatt. Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2016.

Ulvik

Kommunen har eit relativt godt inntektsgrunnlag med eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Ordinært skattenivå er relativt høgt som følgje av naturressursskatt.

Kommunen har frå og med 2013 fått småkommunetilskot og vil få det også for 2016.

Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2016.

Granvin

tilskot 2015, kr. 1,4 mill.

Kommunen har i fleire år hatt ei negativ utvikling i folketalet, men i dei siste to åra har utviklinga vore positiv. Prognosane syner likevel ny folketalnedgang i dei komande åra. Det blir arbeidd aktivt med sikte på ei positiv folketalutvikling, blant anna blir det tilrettelagt for to nye byggjefelt.

Kommunen finn det no nødvendig å gå inn i ei interkommunal legevaktordning, blant anna for å sikre at tenesta har tilstrekkeleg bemanning. Det er venta at dette vil auka kommunen sine kostnader til legevakt.

Kommunen samarbeider med NVE om flaumsikring av Granvinsvassdraget, som renn gjennom bygda. Ein stor del av kostnadene blir dekte av NVE, men kommunen må likevel dekkja ein del av kostnadene.

Det er viktig for kommunen å oppretthalde busetnaden i grendene og på gardane. Dei fleste grendene ligg rundt 200 - 300 meter over havet. Det er eit stort etterslep på vegvedlikehaldet, som er nødvendig for å oppretthalde busetnaden i grendene.

tilskot 2016, kr. 1,5 mill.

Voss

tilskot 2015, kr. 5,1 mill.

Kommunen har gjennomført fleire omstillingstiltak i dei siste åra på bakgrunn av tidlegare ubalanse i økonomien. Det blir gjennomført omstillingstiltak i planperioden 2013 - 2016. Tiltaka er knytte opp mot investeringar i skulebygg.

Kommunen har økonomiske utfordringar knytte til at det er mange eldre og ressurskrevjande brukarar. Kommunen har fleire ressurskrevjande brukarar som det ikkje blir gitt statleg tilskot for som følgje av aldersgrensa for tilskotsordninga.

Kommunen har mange fritidsbustader. Dette fører blant anna til auka behov for helse- og omsorgstenester i periodar av året.

Kommunen er regionsenter med fleire vidaregåande skular, også med elevar frå andre kommunar. Elevane har behov for kommunale tenester blant anna innan helse- og omsorg.

Kommunen utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2010. Den låge kraftprisen gjer at det er venta reduksjon i samla kraftinntekter frå eigedomsskatt, konsesjonskraft og utbytte frå kraftselskap.

tilskot 2016, kr. 5,4 mill.

Kvam

tilskot 2015, kr. 9,6 mill.

Kommunen har frå og med 2004 vore plassert i sone for høgaste arbeidsgivaravgift. Det er gitt kompensasjon for høgare avgift til kommunen gjennom skjønstilskotet. Kompensasjon for høgare arbeidsgivaravgift inngår i den samla basisramma frå og med 2015. Kompensasjon for høgare arbeidsgivaravgift blir trappa ytterlegare ned i 2016, jf. innleiinga i brevet, med kr. 0,66 mill.

Kommunen hadde netto driftsunderskot i 2014 og det er venta netto driftsunderskot også i 2015. Ubalansen på drifta blir dekt med bruk av disposisjonsfond. Netto driftsunderskot har samanheng med lågare frie inntekter og lågare kraftinntekter.

Kommunen har gjennomført innsparingstiltak med blant anna reduksjon i talet på skulebygg. Kommunen utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2010. I økonomiplanen for dei komande åra er det vedteke årleg reduksjon i drifts- utgiftene.

Det har vore vekst i folketalet sentralt i kommunen medan det har vore fall i folketalet i indre og ytre strok. Samla for kommunen har det vore folketalesvekst, men dette har snudd til noko nedgang i siste del av 2014 og no i år.

Kommunen har hatt vekst i talet på ressurskrevjande brukarar, også i 2014.

tilskot 2016, kr. 9,1 mill.

Fusa

tilskot 2015, kr. 4,8 mill.

Kommunen har hatt eit stabilt folketal over ein relativt lang tidsperiode. I dei aller siste åra har det likevel vore noko nedgang i folketalet, som har samanheng med bortfall av arbeidsplassar og nedlegging av verksemder. Skatteutviklinga i kommunen var negativ både i 2014 og til no i år.

Kommunen har ein desentralisert busetnad og mykje kommunal veg. Det er behov for å styrka vedlikehald og opprusting av vegane. Som følgje av den desentraliserte strukturen, har kommunen relativt stor eigedomsmasse. Tilstandsrapport syner at det er behov for å løyva midlar kvart år for å ta att etterslep på vedlikehald og gjennomføra utbetring av kommunale eigedomar.

Kommunen har relativt mange ressurskrevjande brukarar. Ein av brukarane fell ut av tilskotsordninga frå og med 2015 som følgje av aldersgrensa for tilskot.

Kommunen utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til også andre eigedomar frå og med 2009.

tilskot 2016, kr. 4,9 mill.

Samnanger

tilskot 2015, kr. 2,2 mill.

Kommunen har framleis store utgifter knytte til ein ressurskrevjande brukar over 67 år. I 2014 hadde kommunen utgifter på om lag kr. 4,3 mill. for denne personen. Det er rekna med at utgiftene vil ligge på dette nivået også 2016.

Kommunen har gjort vedtak om interkommunalt samarbeid på fleire fagområde for å få eit større og meir robust fagmiljø. På nokon fagområde har dette ført til auka utgifter for kommunen.

Kommunen byggjer ny sjukeheim då den gamle sjukeheimen ikkje hadde tilfredsstillande standard. Både denne og andre investeringar vil kunne gi driftsinnsparringar. På kort sikt vil kommunen bli påført auka kapitalutgifter som følgje av investering.

På denne bakgrunn har kommunen utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2015. Låge kraftprisar har påført kommunen inntektstap. Det var ei negativ skatteutvikling (inntektsskatt) i 2014 og kommunen fekk meirforbruk på årsrekneskapen.

tilskot 2016, kr. 2,4 mill.

Os

tilskot 2015, kr. 0,9 mill.

Kommunen har hatt høg folkevekst og difor eit stort investeringsbehov. Veksttilskotet til kommunen auka vesentleg frå 2014 til 2015, og det er venta at dette tilskotet vil bli nesten like høgt som i år i 2016 og 2017.

Stor innflytting frå Bergen har gjort at mange foreldre ynskjer bokmål i skulen. Det fører til behov for ekstra skuleklassar som følgje av språkdeling.

Det er planlagt eit nytt omsorgssenter med sjukeheimsdel og dementavdeling. Plassane er planlagde tekne i bruk gradvis i perioden 2017 - 2020. Driftsutgiftene i samband med auken i talet på plassar vil bli krevjande for kommunen.

Opplysningsvesenets Fond eig ein stor del av sentrum og fleire store bustadfelt. Kommunen betaler festeavgift til fondet og har samtidig avtaler med bustadeigarane som betaler festeavgift til kommunen. Ordninga har utvikla seg til å gi kommunen økonomisk tap. Opplysningsvesenets Fond har regulert opp festeavgifta basert på marknadsverdi utan at kommunen har hatt høve til same regulering av avgifta frå bustadeigarane.

Kommunen har ikkje innført noko eigedomsskatt, korkje på verk og bruk eller på andre faste eigedomar.

tilskot 2016, kr. 1,0 mill.

Austevoll

tilskot 2015, kr. 1,9 mill.

Kommunen har eit høgt ordinært skattenivå, som for ein stor del har samanheng med høg personskatt frå inntekt og formue. Tidlegare rekneskapsunderskot er dekt inn.

Kommunen har mange fritidsbustader. Det fører til ekstra kommunale helsetenester og beredskap i delar av året.

Kommunen fekk tidlegare eit høgt skjønstilskot som følgje av ein krevjande økonomisk situasjon. Vi har tidlegare gitt signal om at skjønstilskotet vil bli trappa ned til eit lågare nivå.

Frå og med 2013 er eigedomsskatt på bustader, fritidseigedomar og næringseigedom teken bort. Eigedomsskatt er berre blitt vidareført for verk og bruk.

Vi har åtvara kommunen mot dei høge låneopptaka for perioden 2014 - 2016. Det er ein risiko for at kommunen ikkje vil ha tilstrekkelege høge inntekter til å bere det framtidige høge gjeldsnivået.

tilskot 2016, kr. 1,8 mill.

Sund

tilskot 2015, kr. 0,9 mill.

Kommunen har teke imot mange flyktningar. Av flyktningane er det fleire med hjelpebehov.

Det vart innført eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2008.

Kommunen har fått statleg veksttilskot frå og med 2011. Veksttilskotet i 2015 er om lag kr. 1,2 mill. Førebels utrekning syner at tilskotet vil bli redusert frå 2015 til 2016.

tilskot 2016, kr. 1,1 mill.

Fjell

tilskot 2015, kr. 1,7 mill.

Kommunen hadde kvart år i perioden 2010 - 2013 netto driftsunderskot. Underskotet var størst i 2011. Det er gjennomført innsparingstiltak slik at netto driftsunderskot er blitt redusert i dei siste par åra. Kommunen hadde netto driftsoverskot i 2014.

Kommunen har hatt stor folkevekst over mange år. Kommunen har ei ung befolknings-samansetjing med mange innbyggjarar i aldersgruppene for barnehage og grunnskule. Det må påreknast stor vekst i dei eldre aldersgruppene i dei komande åra. Kommunen får veksttilskot i 2015, om lag kr. 10,4 mill.

Kommunen har nynorsk som hovudmål. Ein stor del av foreldra vil ha bokmål for barna i skulen. Det er difor nødvendig å ha ekstraklassar som følgje av språkdeling.

Kommunen har ikkje eigedomsskatt korkje på verk og bruk, næringseigedomar eller andre faste eigedomar.

tilskot 2016, kr. 1,7 mill.

Askøy

tilskot 2015, kr. 1,7 mill.

Kommunen har hatt høg folkevekst i mange år og har ei ung alderssamansetjing. Det er difor gjennomført store investeringar og kommunen har no eit høgt gjeldsnivå. Påreknna gjeldsvekst i økonomiplanperioden kan føra til eit høgare gjeldsnivå enn det kommunen kan bere med sine ordinære inntekter.

Kommunen får veksttilskot kr. 9,3 mill. i år.

Kommunen har mange ressurskrevjande brukarar. Det har samanheng med at den tidlegare HVPU - institusjonen Furuly var lokalisert i kommunen.

Kommunen har ikkje eigedomsskatt korkje på verk og bruk eller på andre faste eigedomar. Kommunen sitt ordinære skattenivå, frå personinntekt og formue, er lågt.

tilskot 2016, kr. 1,7 mill.

Vaksdal

tilskot 2015, kr. 0,8 mill.

Sysselsetjinga i private verksemdar i kommunen er blitt mykje redusert i dei siste åra. Det er krevjande å skaffa arbeidsplassar som kan kompensera for bortfall av arbeidsplassar i den tradisjonelle industrien. Tekstilindustrien og trikotasje har lang tradisjon i kommunen.

Kommunen har særskilte utfordringar som følgje av topografien, blant anna i samband med til rettelegging for busetnad og utvikling av næringsareal. Det er rasfarlege område som krev ekstra ressursar til førebyggjande tiltak.

Kommunen må ha auka beredskap innafor brann og redning som følgje av den sterkt trafikkerte E16 som går gjennom kommunen. Ras og rasfare knytt til topografien bidreg også til auka utgifter til beredskap.

Kommunen har relativt høg eigedomsskatt frå vasskraftanlegg.

tilskot 2016, kr. 0,9 mill.

Modalen

Kommunen har høg naturressursskatt og eigedomsskatt frå vasskraftanlegg. Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2016.

Osterøy

tilskot 2015, kr. 4,5 mill.

Kommunen sitt tidlegare rekneskapsunderskot vart dekt inn i årsrekneskaper for 2014.

Kommunen har i år starta opp fleire nye tiltak for yngre brukarar av helse- og omsorgstenester. Dette inneber kostnadskrevjande tiltak.

Kommunen har ein desentralisert busetnad og store reiseavstandar. Dette fører til høgare kostnader til blant anna heimetenester, skuleskyss og vegvedlikehald. Det er eit stort vedlikehaldsetterslep, særleg på vegane, då dette er blitt nedprioritert.

Kommunen opplyser at det er høge kostnader innan spesialundervisning og barnevern.

Kommunen utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2007. Det er vedteke å redusera eigedomsskatten for bustad- og fritidseigedomar frå seks promille i 2014 til fem promille i 2015.

Vi har tidlegare gitt kommunen signal om at det høge skjønstilskotet til og med 2015 var mellombels for ein periode og knytt opp til den svake økonomien.

tilskot 2016, kr. 4,4 mill.

Meland

tilskot 2015, kr. 3,9 mill.

Kommunen sitt tidlegare rekneskapsunderskot vart dekt inn i årsrekneskapen for 2013.

Kommunen har hatt høg folkevekst over lang tid og det er ei ung befolkningssamansetjing. Det er pårekna at det også i dei komande åra vil vere ein høg vekst i folketalet. Kommunen får veksttilskot i 2015, om lag kr. 7 ½ mill.

Kommunen har høg innflytting frå Bergen og det er mange av foreldra som ynskjer bokmål i skulen. Kommunen må ha ekstra skuleklassar som følgje av språkdeling.

Kommunen har fleire private barnehagar men berre ein kommunal barnehage. Det er rekna med ein stor auke frå 2015 til 2016 i det samla kommunale tilskotet til dei private barnehagane.

Det har i det siste året vore ein auke i rusrelaterte problem i kommunen. Kommunen kan ha særskilte utfordringar knytte til rusproblem som følgje av nærleiken til Bergen og som følgje av den generelle folkeveksten og tilflyttinga. Kommunen ligg høgt i arbeidsløyse blant innbyggjarane, noko som kan ha samband med at befolkninga er ung med relativt lågt utdanningsnivå.

Kommunen utvida eigedomsskatten frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen frå og med 2009. Skattesatsen for eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar er redusert frå fem promille i 2014 til 3,5 promille i 2015.

tilskot 2016, kr. 3,9 mill.

Øygarden

Kommunen har høg eigedomsskatt frå olje- og gassindustri.

Kommunen hadde eigedomsskatt i 2014 med om lag kr. 143 mill.

Fylkesmannen finn på denne bakgrunn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2016.

Radøy

tilskot 2015, kr. 3,2 mill.

Kommunen har relativt mange innbyggjarar frå Polen og Litauen. Det fører til auka behov for tenester i blant anna barnehage og skule.

Kommunen har mange PU - brukarar i høve til innbyggjartalet. I dei siste åra har talet på PU - brukarar auka, og kommunen har hatt aukande kostnader i denne samband.

Kommunen har mange fritidsbustader og må difor yta ekstra kommunale tenester i periodar av året.

Kommunen har høgt sjukefråvær og utviklinga i kommunen har vore negativ i det siste året. Kostnadene til sosialhjelp har auka mykje i 2014 og i år. Kommunen er blant kommunane i fylket med høgast arbeidsløyse.

Den økonomiske utviklinga i kommunen har vore negativ med netto driftsunderskot i 2014, dekt med bruk av disposisjonsfond. Kommunen har no i liten grad disposisjonsfond att og det blir gjort arbeid for å få innsparing i heile organisasjonen.

Kommunen utvida eigedomsskatten i 2009 frå verk og bruk til faste eigedomar i heile kommunen.

Kommunen søker om ekstraordinært tilskot kr. 300.000,- som skal nyttast til ekstern gjennomgang av organiseringa av tenestetilbodet innafor Omsut, som i hovudsak yter tenester til personar med utviklingshemming. Kr. 0,3 mill. av tilskotet til kommunen vil vere eingongstilskot knytt til dette føremålet.

tilskot 2016, kr. 3,6 mill.

Lindås

Statoil sitt oljeraffinerianlegg ligg på Mongstad og gir høge eigedomsskatteinntekter, som i 2014 var om lag kr. 163 mill. På bakgrunn av dei høge eigedomsskatteinntektene frå anlegget, finn vi ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2016.

Austrheim

tilskot 2015, kr. 1,8 mill.

Kommunen har eit relativt godt inntektsgrunnlag, både som følge av høg personskatt og eigedomsskatt frå Mongstad - anlegget (mindre del av anlegget).

Kommunen fekk småkommunetilskot til og med 2013. Som følge av at skattenivået har vore noko over 120 prosent av landsgjennomsnittet (gjennomsnitt av siste tre åra), har kommunen ikkje fått småkommunetilskot i 2014 og 2015. Det kan ikkje påreknast at kommunen vil få småkommunetilskot i 2016, men for 2017 vil kommunen kunne få dette tilskotet attende.

Kommunen har ei svak skatteutvikling no i år. Utviklinga skuldast nedgangen i oljerelaterte næringar som kommunen har mykje av. Dei første sju månadene i år var skatteinngangen til kommunen 6,6 prosent lågare enn i den same perioden i fjor.

Kommunen opplyser at den har store ekstra kostnader til ressurskrevjande elevar og minoritetsspråklege elevar i skulane. Kommunen viser også til ekstra bemanning i barnehagane for barn med særlege behov.

Talet på barnevernssaker har auka vesentleg i 2014 og i år, med ekstrakostnader til konsulenthjelp. Kommunen har hatt auka kostnader til sosialhjelp, noko som kan ha samanheng med vanskanene i oljerelaterte næringar.

Fylkesmannen vil gi eit høgare skjønstilskot på bakgrunn av at kommunen heller ikkje for 2016 vil få småkommunetilskotet attende. Overgangsordninga INGAR vil for 2016 i denne samanheng gi mindre kompensasjon enn i 2014 og 2015. Kommunen har som nemnd også

andre krevjande utfordringar. Skjønstilskotet vil bli redusert for 2017 dersom vi ser at småkommunetilskotet vil kome attende for det året.

tilskot 2016, kr. 2,1 mill.

Fedje

tilskot 2015, kr. 1,4 mill.

Kommunen har hatt ei svak utvikling i folketalet. Det er no i overkant av 560 innbyggjarar i kommunen.

Kommunen arbeider aktivt med sikte på å oppretthalde busetnad og arbeidsplassar. Det er tilrettelagt for nytt bustadfelt og gjort tiltak for næringsverksemdar. Det er tilrettelagt turstiar som både fastbuande og besøkjande nyttar seg av.

Det er behov for utbygging innan eldreomsorga. Sjukeheimsbygg tilfredsstillar ikkje dagens krav til standard.

Vi vil oppretthalde skjønstilskotet på eit høgt nivå også for 2016.

tilskot 2016, kr. 1,4 mill.

Masfjorden

Kommunen har eit godt inntektsgrunnlag som følgje av naturressursskatt og eigedomsskatt på vasskraftanlegg. Kommunen vil få småkommunetilskot også i 2016.

Fylkesmannen finn ikkje å kunne gi skjønstilskot for 2016.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

Fordeling av skjønstilskot for 2016

ÅR :				
	2016			
i kr. 1,000,-		tilskot	tilskot	endring i
		2015	2016	kr.
KOMMUNANE				
1201	Bergen	15800	16200	400
1211	Etne	3800	3700	-100
1216	Sveio	3800	3700	-100
1219	Bømlo	10400	10000	-400
1221	Stord	1900	2000	100
1222	Fitjar	3000	3100	100
1223	Tysnes	4500	4300	-200
1224	Kvinnherad	7200	0	-7200
1227	Jondal	2000	1900	-100
1228	Odda	0	0	0
1231	Ullensvang	2500	2600	100
1232	Eidfjord	0	0	0
1233	Ulvik	0	0	0
1234	Granvin	1400	1500	100
1235	Voss	5100	5400	300
1238	Kvam	9600	9100	-500
1241	Fusa	4800	4900	100
1242	Samnanger	2200	2400	200
1243	Os	900	1000	100
1244	Austevoll	1900	1800	-100

1245 Sund		900	1100	200
1246 Fjell		1700	1700	0
1247 Askøy		1700	1700	0
1251 Vaksdal		800	900	100
1252 Modalen		0	0	0
1253 Osterøy		4500	4400	-100
1256 Meland		3900	3900	0
1259 Øygarden		0	0	0
1260 Radøy		3200	3600	400
1263 Lindås		0	0	0
1264 Austrheim		1800	2100	300
1265 Fedje		1400	1400	0
1266 Masfjorden		0	0	0
Ikkje - fordelt		27000	33300	6300
SUM		127700	127700	0
SUM UTANOM BERGEN.		111900	111500	-400